




Suksess

Det Norske Teatret går så det grin.

– Veggane bular av prosjekt og folk, seier teatersjef Erik Ulfsby.

SIDE 6–7



Ambisjonar

– Frå første stund veit han kva som skal til: «Eit stort namn». Jan Olav Gatlund har skrive bok om Mons Litleré.

SIDE 18–20



Heng etter

– Det at gutane skriv på dialekt, betyr at dei ikkje stimulerer kvarandre på standard nynorsk, seier Øystein Vangsnes.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

nr. 5
november 2018

medlemsblad for Noregs Mållag

Bra med motstand

– Vil du fortelja ei historie som set spor, så er det nok bra å vera innom noko mørkt. Då har hovudkarakteren noko å slita seg gjennom, seier teikneserieteiknar Anja Dahle Øverbye.

SIDE 17



Skjer i sjøen

NT Barn og unge ser stadig mindre på vanleg fjernsyn, og stadig meir tilfeldige snuttar på YouTube. Det gjer at dei møter mindre norsk og meir engelsk. Det er ikkje heilt sunt for språkutviklinga, skal me tru dei lærde.

NT Ved fleire høve har eg hørt at trikset for å snu denne utviklinga er å laga så godt fjernsyn og så gode filmar i Noreg, at ungdomen heller vel det. Staten bør stimulera til utviklinga av nynorskpråklege dataspel, og gjerne i samarbeid med resten av Norden.

NT Det er sikkert vel og bra. Eg er for tiltak som har mål om å styrkja nynorsk språk. Men motsett innan akademia, helsevesenet og til dels næringslivet der samfunnet til ein viss grad kan styra utviklinga med ulike krav, står me eigentleg maktelause mot dette fenomenet.

NT All verdas underhaldningsindustri, distribuert gjennom verdas kraftigaste underhaldningsmaskiner og telefonar, er ei flodbylgje som ikkje lèt seg stoppa med krav til nynorskpråkleg musikk på P4.

NT Den språklege sjølvtilitten må byggjast opp i skulen. Då blir det feil å utstyra ungane med nøyaktig dei same underhaldningsmaskinene. Eg har større tru på blyant og ei fysisk ordbok enn på nett-brett og alt som sluttar på .no.

NT Om me skal redda dei frå denne flodbylgja, må me gje ungane fast grunn å stå på. Då kan ikkje absolutt alle «fylgja med i tida». Nokon må vera eit skjer i sjøen.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Det er i kommunen det skjer

EG HAR BAK meg éin periode i kommunestyret i Fredrikstad. Det var i det førre hundreåret. Det som sit igjen etter den perioden av livet, er nett kjensla av «at nå sit eg her igjen». Det var møte etter møte – ikkje berre i kommunestyret, men i råd og utval, og så alle partimøta, da.

Eg opplevde det som tvangsføring med dårlig retorikk og ei stor sløsing med tid, for det var veldig sjeldan eg som kommunestyrerepresentant gjorde nokon som helst skilnad.

Likevel er det i kommunestyra rundt omkring at folkestyret får det klaraste uttrykket, for her er det verkeleg Folket med stor F som får vera med og bestemme.

Den siste månaden har mange frå sentralleken i Noregs Mållag møtt Kommune-Noreg på nært hold. Nynorskstafetten har vore på rundtur på Agder og i Telemark, og treft ordførarar, rådmenn og byråkratar for å framsnakke skriftspråket vårt og få dei til å sikre stabil politikk i områda der nynorsk kommune- og skulespråk møter bokmålet. Under siste EU-debatt snakka folk om «svenskesuget». Det er ikkje fritt for at i mang ein nynorskommune er «bokmålssuget» nærværande.

Hemsedal med sine 2442 innbyggjarar var kommunen der dette suget var mest påtrengande i haust. Hemsedal er ein tradisjonell nynorskommune, men den som har følgt med på skulestatistikken i Skistar-bygda ei stund, ser at nynorsk-elevane har blitt færre etter kvart. Nettsida til kommunen er på nynorsk, men lenkene der fører deg til Visit Hemsedal, der alt er på bokmål.

PÅ VÅRPARTEN KOM det opp eit framlegg i livslopsutvalet om at Hemsedal skulle gå over frå å ha nynorsk som administrasjonsspråk til å ha såkalla nøytralt administrasjonsspråk. Grunngivinga var blant anna at det var vanskeleg å skaffe nynorsk-kunnige tilsette til det vesle kommunehuset. Utvallet hadde ny handsaming i september, og der var det berre Senterpartiet som gjekk inn for å halde på nynorsk administrasjonsmål.

Så, under nokre travle oktoberveker, fekk gode målfolk til ei stor oppvakning i Hemsedal. Det blei ringt rundt og mobilisert på nettet. Fram mot det avgjerande kommunestyremøtet strøymde innleggja inn til lokalavisa Hallingdølen. Ein av dagane opp imot den avgjerande røystinga i kommunestyret var det sju innlegg for nynorsk og tre innlegg imot.

NT LEIARTEIGEN

MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag



24. oktober kalla aksjonistane i Hemsedal Mållag inn til folke-møte, og folket møtte opp i salen i Kulturhuset. Mange heldt appellar, blant dei generalsekretæren i Høgre, John-Ragnar Aarset. Amelia Snerte (16) heldt ein kraftfull tale og bad alle nynorskingar i salen komma opp på scenen. Så stod vi der da, alle – mens «bokmålsgane» sat igjen i ein glissen flokk i salen. Der kunne dei sitta og ruge litt på den mindretalskjensla som råkar oss nynorskbrukarar mang ein gong ...

ETTERPÅ VAR DET politikarpanel der kommunestyrerepresentantane uttalte seg om dialekt og nynorsk. Det som var fint, var at alle var veldig positive til både målføre og målform, men alt der og da – når det gjaldt spørsmålet om administrasjonsspråk – blei det klart at dette kom til å bli jamt i kommunestyret.

Så kom avstemminga den 1. november. Med eit fleirtal på éi einaste røyst fall det nynorske administrasjonsspråket i Hemsedal

Det var bittert, men tydde langfrå at aksjonen hadde hatt null verknad. I dei tre–fire vekene målfolia hadde stått på, var tre av partia i kommunestyret blitt splitta. Ein tydeleg kveik for dialekt og nynorsk var sett i gang og fekk innverknad på dei fire vedtaka som følgde med «nøytral»-vedtaket:

- 1) Hemsedal sitt føretrekte mål ved offentleg kommunikasjon skal vera nynorsk.
- 2) Hemsedal blir framleis nynorskommune i statistikken fordi kommunen skal krevja nynorsk i brev frå staten.
- 3) Dialektfremjande tiltak blir utarbeidde i samband med revidert målbruksplan i 2019.
- 4) Det skal bli gitt eit tilbod om opplæring i nynorsk for dei som ønsker det.



Ikkje noko av dette hadde blitt vedteke om ikkje lokale målfolk hadde bretta opp erma, kasta seg rundt og aksjonert.

EG VISKAR BORT inntrykket frå da eg sjølv sat på bakarste benk i bystyresalen i Plankebyen. Det ER viktig kven som sit i kommunestyret. Mange stader framover vil det vera avgjerande for nynorsken. Og så er det slik at neste kommuneval er hausten 2019, men det er i desse dagar nominasjonen til partia går føre seg, og det er nå partiprogramma til valet i hundre nynorskommunar blir bestemt. Gode målvenner, involver dykk i denne prosessen, finn ut kva dei enkelte kandidatane meiner, sorg for å opp folk på listene som støttar språk og lokalkultur.

Og om nominasjonskomiteen i partiet ditt ringer deg, skal du seie ja, og ikkje nei. Om ikkje anna for nynorsk si skuld.

Det er i kommune-styra at folkestyret får det klaraste uttrykket. Her er det Folket med stor F som får vera med og bestemme.

NT SAGT

Hvem er Ivar Aasen som det står om i bioen din? Musiker?

frå @nynorsk_tinder på Instagram

Eneste vi lærte om nynorsk var at Knut Knutsen reiste rundt i Norge for å samle inn dialekter

frå @nynorsk_tinder på Instagram

Typisk dere feministar å vere for like-stilling av ting som helt klart ikke trenger det. Som nynorsk for ekempelvis.

frå @nynorsk_tinder på Instagram

Kult at du bruker sidemål utenfor skolen a! Fikk du god karakter eller?

frå @nynorsk_tinder på Instagram

I dag har eg blokkert ein person på ein datingapp fordi han meinte dinosaurar var teite. Førre veke fordi ein meinte eg snakka nynorsk. Det einaste som kan gjere dette betre er eit nynorsk dinosaurmuseum. THE GLORY!

Sigrid Sofia på Twitter

Akekvitt er det som det heiter på nynorsk

Torstein Helleve på Twitter

Det er noko peak vestnorsk/nynorsk med å sitje på ein buss, på ei ferje, på veg mot ein annan flyplass sidan flyet ikkje kunne lande på den fyrste på grunn av skodde. For å toppe det heile, så les eg Ragnar Hovland. Er det dette som går under #nynorsktwitter?

Karri på Twitter

Svensk er vakker, nesten like flott som nynorsk.

Jan Roger Hamre på Twitter

Har lest så mye nynorsk, at jeg ikke lenger legger merke til om teksten jeg leser er på bokmål eller nynorsk. Det er faktisk ikke verst! Kanskje jeg skal terpe mer på egen grammatikk og gå over til å skrive nynorsk selv også? Kun for moroskyld?

Vannkoker på Twitter

I dag ble #HunBørStille-kampanjen lansert på nynorsk! Hva sier du, Hadia Tajik? Arbeiderpartiet i Sogn og Fjordane joiner likestillingsdugnaden. Fortell den råeste dama du kjenner at #HoBørStille!

Varaordførar i Oslo, Kamzy Gunaratnam på Twitter

Med mindre telefonen din er inndratt av PST ville eg nyttå høvet til å sende SMS med kodeord NYNORSK til 2490. Då blir du med i Noregs Mållag.

Nestleiar Peder Lofnes Hauge på Twitter

Norske studentar har rett til å ta eksamen anten på bokmål eller på nynorsk. På Ivar Aasens sin 205-årsdag er det viktig å minne om at vi skal legge til rette for dette.

Rektor ved OsloMet, Curt Rice, på Twitter

I dag er det 205 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Eg oppfordrar ansatte og studentar ved OsloMet å markere dagen ved å skrive nynorsk i sosiale medium!

Rektor ved OsloMet, Curt Rice, på Twitter



MÅL I SIKTE: Kringkastingssjef Thor-Gjermund Eriksen lover at kravet om 25 prosent nynorsk i NRK skal vere nådd allereie neste år.

Foto: Michael Hill

– NRK skal nå kravet om 25 prosent nynorsk i 2019

KRINGKASTINGSSJEF Thor-Gjermund Eriksen lovar at NRK skal nå kravet om 25 prosent nynorsk i 2019.

Lovnaden frå NRK-sjefen kom under innlegget han hadde under språkkonferansen «Treng vi norsk» i Førde i Sogn og Fjordane. Thor-Gjermund Eriksen lova at statskanalen neste år skal nå målet om 25 prosent nynorsk i kanalen. Det blir i så fall første gong i historia til NRK.

Konferansen er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som står bak, i samarbeid med fleire institusjonar i same fylke. I salen sat både språkdirektøren, representantar frå Regjeringsa, målfolk, næringsliv, presse, utdanning med fleire då lovna kom på bordet.

– I fjor hadde vi 22 prosent nynorsk. I år trur eg vi skal nå 24 prosent og då vil eg gjerne komme med ein lovnad no om at vi neste år skal nå kravet staten og de har gitt oss – målet om 25 prosent nynorsk, sa riksringkastingssjefen i innleget «Frå hjemmebane til heimebane».

– I tillegg handlar det om å sjå kvar enkelt, sa han. Det handlar like mykje om å sjå dei sovande nynorskbrukarane i NRK, at dei som har vore nynorskbrukarar begynner å bruke språket sitt igjen, sa Eriksen frå scena.

For å nå dette målet i 2019 er NRK i gang med fleire ulike tiltak gjennom ein nynorsk handlingsplan.

NPK

**NY
UTGÅVE!**

Halvor Floden EIN FJELLGARD

Ting direkte frå
Fregn Forlag, Østlia 1, 2420 TRYSLI
eller per e-post: f-forlag@fregn.no
Kr 400.00 – fraktfritt

VURDERINGSORDNINGA I NY NOR

Mållaget

Den nye læreplanen i norsk kan kome til å slå saman halvårskarakteren i sidemål og hovedmål.

DEN FØRSTE SKISSA til ny læreplan i norsk vart nyleg presentert, og ein kan ane konturane av korleis norskfaget blir etter 2020. Noregs Mållag kritiserer at skissa har framlegg om å slå saman halvårskarakteren i sidemål og hovedmål i 8. og 9. klasse og i Vg1 og Vg2.

– I sluttrapporten for eit forsøk med slik karaktersetjing står det at dette ikkje løyser problema i norskfaget, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Sidan hausten 2013 har svært mange skular testa ut denne ordninga, og sluttrapporten om prosjektet kom før sommaren i år. Den konkluderer med at ei slik samanslåing ikkje har nokon effekt på læringer til elevane.

Det mest urovekkjande funnet i rapporten er korleis dei intervjua ungdomsskulane meiner forsøket legitimerer å starte seinare med sidemål. Dette trass i alle faglege tilrådingar om tidleg start med sidemål. Skuleleiarar seier at forsøket har gjort det mogeleg å utsette sidemålsundervisninga til 9. trinn.

Rapporten er skriven av NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning), og dei oppsummerer at dette forsøket ikkje løyser problema i norskfaget. Dei meiner at ein kan kutte vurderingsmengda utan å endre på karakterane i faget. Dei peikar på at det er lokale praksisar og krav frå skuleleiing som er grunnen til rapportering og stor rettebyrde i norskfaget. Det er heilt klart ut frå NIFUs rapport at lærarane er veldig nøgde med forsøket. Likevel tilrår NIFU at ein



heller skal sjå nærmare på dei vurderingspraksisane som er i norskfaget for å finne ein betre måte å gjøre det på, særleg med omsyn til at elevane ikkje ser ut til forstå språket for vurdering som har teke plassen til karakterane.

Eit problem den nye skissa heller ikkje løyer, er at opplæringsssi-

Vinje kåra til årets nynorskkommune

Kulturdepartementet har kåra Vinje kommune i Telemark til årets nynorskkommune.

Vinje utmerkjer seg som ein tydeleg nynorskaktør i eit fylke der nynorsken er under press, meiner juryen.

– Nynorsk er eit mindretalsspråk og treng eit særleg vern. Det har Vinje kommune skjønt, seier leiaren i prisjuryen, seksjonssjef Margrethe Kvarenes i Språkrådet.

Juryen har lagt vekt på at Vinje

er ein føregangskommune i arbeidet for å gi innvandrarar norskopplæring på nynorsk, og at kommunen har kravd at nynorsk skal vere språket i fellesprofilinga av Vinje som reisemål.

– På sitt trygge kulturgrunnlag har årets nynorskkommune arbeidd strategisk og kreativt for å gjøre nynorsken til eit godt og levande bruksspråk. Det går klart fram av både planar og resultat at Vinje kommune har vilje til språk, heiter det i det skriftlege grunngivinga.

Prisen er på 100.000 kroner.

NPK

RSKLÆREPLAN: er kritisk



NOKO POSITIVT: – At elevane skal få god fagleg kompetanse i dei to norske språka, er heldigvis høgare prioritert enn det har verka tidlegare i læreplanprosessen, seier Magne Aasbrenn.

Foto: Stockphoto

tusjonen er svært ulik for nynorskelevar og bokmålselevar. Bokmåls-elevane ser språket sitt rundt seg heile tida, mens mindretallet som skriv nynorsk, treng i mykje større grad å få «bade» i sitt eige språk.

– Denne ubalansen må læreplanen ta høgd for, seier Magne Aasbrenn.

Men det nye læreplanframlegget har også positive sider, meiner Noregs Mållag.

– At elevane skal få god fagleg kompetanse i dei to norske språka, er heldigvis høgare prioritert enn det har verka tidlegare i læreplanprosessen, seier Magne Aasbrenn.

– Skriving av kreativ tekst er ute,

og i staden kjem grammatikk og sjangerkunnskap tydelegare inn. Norrøne tekstar og den lange litteratur-tradisjonen er også tydeleg med, og gjennom heile planen blir det presisert at norskfaget omfattar både bokmål og nynorsk.

HEGE LOTHÉ
hege.lothe@nm.no



PRESENTERTE: Anne Marta Vinsrygg Vadstein frå Nynorskenteret opna lærarsidene til Framtidajunior.no på Nynorskseminaret på Høgskolen i Innlandet i haust.

Foto: Liv Astrid Langnes

Gjer skuletimen aktuell på nynorsk

På dei nye lærarsidene til Framtidajunior.no finn du no 23 undervisingsopplegg tilpassa ulike klassetrinn og fag. Formålet er å hjelpe lærarar med å gjere skuletimene aktuelle på nynorsk. Undervisingsopplegga er laga av Nynorskcenteret og Framtidajunior.no-redaksjonen. Fleire opplegg kjem etter kvart.

Framtidajunior.no er ei gratis nynorsk nettavis for elevar på barnetrinnet. Nokre ungdomsskular bruker også nettsidene. Det

digitale nynorskløftet vart starta av Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar og Magasinett hausten 2017, med støtte av Utanningsdirektoratet, Kulturdepartementet, ABC Startsidan, Samlaget og fleire andre.

I løpet av under eitt år har avis publisert 1000 artiklar med nyhende, fakta, kultur, debattinnlegg og mykje anna spennande. I tillegg har Framtidajunior.no kvíssar, aktuelle avstemmingar, videoar og andre aktivitetar for elevane. Allereie har nettstaden fått over 70 000 brukarar, og talet er aukande.

Ser fram til målvennleg politikk

– Med Kristeleg Folkeparti i regjering ser Noregs Mållag fram til ein enda meir nynorskvenleg politikk, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Utdanningsdirektoratet har greidd ut språkdelte ungdomsskule etter oppdrag frå eit samråystes Storting i 2016.

– Me går ut frå at eit KrF i regjering sikrar nynorskelevane rett til opplæring på nynorsk ut heile grunnskulen. I eit nynorskvenleg budsjett kan dette bli innført alt frå hausten 2019. Da kan 8.-klassingane neste år få halde fram i eigen nynorskklasse og ikkje bli spreidde ut i bokmålklassar, seier Magne Aasbrenn.

I tillegg må nynorskelevane få det tilbodet dei har krav på i digitale læremiddel. Sentrale styresmakter må ta ansvaret for dette feltet, ikkje overlate ansvaret til kvar einskild kommune.

I partiprogrammet seier KrF at partiet vil verne og styrke norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt. Det må tyde ei ytterlegare styrking av lovnaden i Jeløy-erklæringa om å sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for dei de to likestilte målformene i norsk.

– Denne styrkinga må innebere at det blir innført tidleg start med nynorsk, og at læraringa blir sikra med at det framleis blir gitt halvårskarakterar både i hovud- og sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande. Dette er viktig for å halde oppe både kompetansen og statusen til nynorsken, seier Magne Aasbrenn.



Årbok feirar lokal forfattar

4. februar 2019 er det hundre år sidan forfattaren Marta Schumann vart fødd på Myklebost i Valldal. Årbok for Norddal 2018, som Norddal mållag gir ut, rettar søkjelyset mot forfattaren og forfattarskapen hennar.

I årboka presenterer kunsthistorikar og kunstmeldar Eva Furseth kunstnaren Per Kleiva. Ho viser korleis han brukte lokale motiv frå Norddal i kunsten sin. Per Kleiva ætta frå Eidsdal i Norddal kommune.

Dette er eit par smakebitar av den innhaldsrike årboka, som som kan tingast frå norddalmallag.no.

Elida Brenna Linge, Randi Flø og Audun Skjervøy sit i redaksjonen for årboka.

Astrid Sverresdotter Dypvik fekk Samlagsprisen 2018

HO FÅR PRISEN for bøkene *Det var DDR. Forteljingar om eit nedlagt land* (2012), og *Berlinhistorier. Kald krig i den delte byen* (2017).

I grunngevinga for tildelinga legg juryen vekt på at forfattaren, som er journalist og historikar, i begge bøkene kombinerer sine to fagfelt på ein overtydande måte. I bøkene møter ein alt frå overtydde Stasi-medarbeidarar som svik sine næreste, til leiande personar i kommunistpartiet i DDR og menneske som vart offer for det brutale diktaturet, skriv Samlaget i ei pressemelding. Juryen viser til at forfattarskapen korkje er reint faghistorisk eller reint journalistisk, og at dette er ein forfattar som driv fagleg popularisering i ordets aller beste tyding.

Astrid Sverresdotter Dypvik (født 1977) er tilsett i *Nationen*, og har tidlegare arbeidd i *Morgenbladet*, *Klassekampen* og *Dag og Tid*.

Samlagsprisen er ein nyopprettet pris som blir delt ut for første gong i år. Prisen går til ein forfattar som skriv nynorsk, men skal



Foto: Mariann Tvete

vere forlagsuavhengig. Den skal delast ut annankvar gong til ein forfattar som hovudsakleg skriv skjønnlitteratur og til ein forfattar som hovudsakleg skriv faglitteratur. Prisen er på 50 000 kroner.

NPK



FRÅRÅR DIKTARHUS: Ottar Grepstad meiner at det ikkje er grunnlag for å etablere eit diktarhus i Lom. Sats heller på biblioteket, er rådet.

Nei til Diktarhus i Lom

DET ER IKKJE grunnlag for å etablere det planlagde Diktarhuset i Lom, meiner tidlegare direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum i ei utgreiing han har laga for Oppland fylkeskommune og kommunane Skjåk, Vågå og Lom. Dermed er det heller ikkje aktuelt for Nynorsk kultursentrum å etablere Diktarhuset som ei ny driftseining.

– Det er både faglege og kulturpolitiske grunnar til at administrasjonen i Nynorsk kultursentrum ikkje ønskjer å gå vidare med å etablere Diktarhuset i Lom, seier direktør Per Magnus Finnanger Sandmark i ein kommentar til utgreiinga «Diktarar og dialektar», som Nynorsk kultursentrum offentleggjorde måndag. Kommunane i Ottadalen bør i staden satse på institusjonar og tiltak som alt finst, meier Ottar Grepstad.

– Eg skulle ønskje det var mogleg å gi ei positiv tilråding, og eg veit at gode kulturkrefter i dalen blir skuffa, men det var for mange piler som peika feil veg, seier Grepstad.

No skal styrande organ i både kommunane, fylkeskommunane og Nynorsk kultursentrum vurdere vegen vidare. Ideen om eit Diktarhus i Lom har vore undervegs sidan 2009, og eit forprosjekt vart avslutta i 2015. Tanken har vore å lage eit felles senter for alle dei store, døde diktarane frå Ottadalen, mellom andre Tor Jonsson, Olav Aukrust, Jan-Magnus Bruheim, Ragnvald Skrede og Knut Hamsun, som hadde foreldre frå Vågå og Lom. Grepstad har likevel ikkje funne ein samlande fellesnemnar for dei aktuelle diktarane og fleire praktiske forhold taler imot Diktarhuset.

NPK

Det Norske Teatret står i ein historisk god posisjon.

– Det må vera lov å seia at det går bra, seier teatersjef **Erik Ulfsby**.

Eim av suksess

FOR OM LAG eitt år sidan vart det klart at Erik Ulfsby fekk forlenga åremålet sitt. I utgangspunktet skulle han sitja til 2020, men styret i teateret la glatt på fem ekstra år. Blir han sitjande tida ut, blir han den teatersjefen som har sete lengst.

«At ein av Nordens beste og mest visjonære teatersjefar ønsker å bruke kreftene sine til å løfte Det Norske Teatret ytterlegare i åra framover, er gode nyheter for oss» sa styreleiar Nina Refseth. Ho meinte at Ulfsby hadde lukkast i «å styrke teateret kunstnarleg, økonomisk og i den offentlege samtalet.»

Det må ein nesten gje henne rett i. I 2017 var talet på publikumarar over 33.000 høgare enn det førre rekordåret 1992. Billettinntektene var også rekordhøge, og teateret kunne visa til over 70 millionar kroner i eigeninntekter. Teateret kjem til å slå desse rekordane i år.

– Ja, me sit med ei kjensle av suksess, seier Ulfsby.

– Me har fått til mykje, publikumstala aukar og me er på veg til å opna eit nytt scenerom i Groruddalen, på Rommen. Det er viktig i seg sjølv, men også naudsynt. Veggane bular av prosjekt og folk. Så ja, det må vera lov å seia at det går bra.

Suksess gjev mangfold

– Er det skummelt å ha så mykje suksess? Tenkjer du kva som skal vera den neste suksessen?

– Det er heller motsett: Kva stikkje kan me setja opp på grunn av suksessane? Titlane som har

FAKTA

■ Erik Ulfsby

■ Sjef ved Det Norske Teatret, som går mot nok eit rekordår

■ Vart i vår styreleiar i Språkrådet

hatt premiere på hovudscena i år, er *Kasimir og Karoline* av Ödon von Horvath, *Antogine* av Sofokles, *Utanfor* av Svein Tindberg, *Nila og den store reisa* av Maria Kjærgaard-Sunesen og altså *Peer Gynt*. Så me har jo eit utruleg smalt utgangspunkt på hovudscena. Men sidan me la om til repertoar, så spelar me også andre framsynningar innimellom desse nye stikkja. Suksessar, som t.d. no med *The Book of Mormon*, har gitt oss fridom til å vera dristige og ambisiøse. Så eg tenkjer ikkje i det heile på kva som skal bli den neste suksessen. Me har så mange stikkje som rullar og går, og som dannar ein botnplanke i økonomien. Suksessen gjev oss ein fridom.

– Er det råd å bli for kommersiell?

– Det er nok ein vanleg ryggmergsrefleks mange stader: sidan det kjem mykje folk ein stad, så må det koma av at dei er kommersielle. Men i vårt tilfelle kjem suksessen av at me får mykje meir ut av kvar framsynning. Min påstand er me har eit større publikum med eit vesentleg smalare repertoire. Då ein hadde



GJEV TRYGGLEIK: Erik Ulfsby (under) leitar ikkje etter den nye suksessframsyninga som skal ta over etter The Book of Mormon (over). – Det er heller motsett: Kva styrke kan me setja opp på grunn av suksessane?, seier teatersjefen.

Foto: Det Norske Teatret / Fredrik Arff



ein veldig suksess med *Les Misérables* i 1988, var det det einaste stykket som vart spelt på. Då kan ein ha snakka om ein kommersiell profil. Men med dei fem premierane me har hatt i år, så blir det ei heilt anna historie. Og med eit mykje større publikum.

– *Eg spør for ein ven: Er det rett at eit teater bygd for å fremja norsk kultur, stadig set opp amerikanske musikalar?*

– Det har vore viktig og rett for teateret heile sidan *Oklahoma!* i 1949. For det første har det ved fleire høve styrkt teateret økonomisk. For det andre har desse suksessane vore viktige for nynorsk. Heile generasjonar har gått rundt og nynna på klassiske musikalsongar, men på nynorsk. Og *The Book of Mormon* er nærmast ikkje mogleg å sjå føre seg på bokmål. Det er noko med tonen i omsetjinga til Are Kalvø. Og vidare er det ikkje slik at alt som kjem frå USA er utan kvalitet. Så for å oppsummera: eg sit med ei oppleving at det går bra for nynorsken for tida, men faresignalar er der. Difor er det viktig med eit sterkt teater. Me er utan samanlikning det største teateret for urban ungdom i Oslo. Me syner ein samanheng mellom nynorsk og ny norsk. Det er ikkje uviktig.

Språkrådet

– *Då noterer eg det til venen min. Men brått er du også styreleiar i Språkrådet? Det må vera fyrste gong dei har ein teatersjef i den stolen?*

– Det er nok fyrste gong, vil eg tru. Det kjem nok av at eg er sjef på akkurat dette teateret, språk spelar ei viktig rolle her. No har eg berre vore der eit halvt år, men det er interessant. Det er mange kampar som skal førast for språket frametter.

– *Er du også redd for engelsk?*

– Eg er ikkje redd for engelsk, som er naudsynt å kunna for å kunna samhandla med verda der ute. Men det er råd å sjå føre seg at den posisjonen som engelsk har fått innan høgare utdanning, kan spreia seg nedover og utover. Kvar skal den utviklinga stoppa? I kva grad skal me setja opp gjerdestolpar for å verna språket vårt? Skal det bli heilt slutt på å bruka norsk i avansert forsking? Skal me ikkje ha eit vokabular på norsk for komplekse problemstillingar i akademia og på tekniske område? Dette er også ei demokratisk utfordring. Det er eit problem når du ikkje skjønar kva tenester staten tilbyr sidan det heiter noko anna enn det faktisk er.

– *Så vil denne rolla gjera teateret til ein endå meir målpolitisk aktør?*

– Ikke av di eg har blitt styreleiar i Språkrådet, nei. Men me har faktisk akkurat snakka om at me i større grad kan vera ein arena for ordskifte om språk også på utsida av salane våre. Det er så mykje me skulle ha gjort. Det er som Nils Arne Eggen seier: «Den viktigaste kampen er alltid den du ikkje har spelt».

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Bokmålsdominans, dialekt og dataspel fører til **svakare språkferdigheiter** hjå unge nynorskbrukande gutar.

Nynorsk-gutane vert därlegare i norsk



I LØPET AV dei siste åtte åra har nynorskarakteren til nynorsk-gutane vorte därlegare, både i hovudmål og i sidemål.

– Det høyrest litt ut som mitt vitnemål dei siste tre åra, seier 18 år gamle Håkon Hjelle Roset og flirer.

Framtida.no møter han og to klassekameratar på Firda vidaregåande skule, ein skule i ein nynorskkommune i nynorskfylket Sogn og Fjordane.

Spørsmålet er: Har alle nynorsk-elevar vorte svakare i hovudmålet sitt? I så fall, kvifor?

Det forsøker Øystein A. Vangsnes, professor i nordisk språkvitskap ved UiT Noregs arktiske universitet, og professor II ved Høgskulen på Vestlandet å finne svaret på.

Saman med Morten Blekesaune, professor i sosiologi ved Universitetet i Agder, vil han næste opp i kva som har hendt med nynorskferdigheitene til gutar i nynorskområde.

– Alle er best i bokmål!

Vangsnes sette i gang med dette i kjølvatnet av ein artikkel skriven i den Førde-baserte avisa *Firda*.

I 2017 melde avisat at 10. klassingane i Sogn og Fjordane hadde lågare standpunkt-karakter i hovudmål enn landsgjennomsnittet. Samstundes hadde dei betre karakter i sidemål enn i hovudmål.

Dette fekk Vangsnes til å reagere – gjeld dette alle nynorskelevar?

Saman med Blekesaune henta han ut avgangsresultat i norsk, matte og engelsk for 10. trinn frå dei fire vestlandsfylka, i tidsperioden 2009–2017.

Kommunane vart delte i bokmålskommunar og nynorskkommunar, og så vart karakterane samanlikna.

– Då såg me at det gjeld i heile dette området. I nynorskkommunar

har elevane lågare karakter i hovudmål enn i sidemål, og så er det omvendt i bokmålskommunar, seier Vangsnes til Framtida.no.

Språkvitaren kan summere opp resultatet ganske enkelt:– Alle er best i bokmål!

Dette forklarar Vangsnes med den store bokmålsdominansen som er i Noreg, som gjer det relativt lett for nynorskelevar å lære bokmål. Dei møter skriftspråket overalt kvar einaste dag.

Jenter er flinkare enn gutar

For bokmålselevane har avgangskarakterane i perioden vore stabile. Dei vert verken betre eller därlegare i norsk.

Nynorskelevene derimot har hatt ei negativ utvikling, både i hovudmål og sidemål. Då Vangsnes og Blekesaune så delte på kjønn, syntet det seg at denne negative trenden berre gjeld gutane, men den er så sterk at den slår ut også når ein ser kjønna samla.

Språkvitaren forklarer dette delvis med eit generelt biletet av kjønnsforskjellane innan lese- og skrivedugleik.

Gutar har svakare leseferdigheter fordi jenter både les meir og har ein annan mediebruk.

– Jenter er meir aktive på sosiale medium og ser meir på TV, medan gutane spelar meir dataspel.

Dette fører til at jentene gene-

relt er meir vane med tekst, anten dei skriv ei melding eller les ein undertekst. Dei brukar meir teknologisk kommunikasjon og har meir skriftspråkleg praksis, forklarer Vangsnes.

Det var likevel ikkje det mest overraskande resultatet.

Fører dataspel til betre engelsk?

– Vi ser også at det er ein framgang i engelskkarakteren for alle grupper bortsett frå gutar i nynorskkommunar, seier Vangsnes.

Språkvitaren peiker på at andre undersøkingar har funne at å bruke mykje tid på datamaskin og engelskspråklege spel, styrkar engelskferdigheitene. Det synest ikkje å vere tilfelle i Vangsnes og Blekesaune si undersøking.

Då vert spørsmålet: kvifor vert nynorsk-gutane därlegare i norsk, og kvifor har dei ingen framgang i engelsk?

Sentralt i forklaringa er det at ungdom gjerne skriv til kvarandre på dialekt.

Er dialekt den store syndaren?
Lovleg synet korleis nynorsk-ungdom gjerne kommuniserer med kvarandre. Flust av dialektord!

– Det at dei skriv på dialekt betyr at dei ikkje stimulerer kvarandre på standard nynorsk, seier Vangsnes.

Han meiner dette kan vere



PÅ DIALEKT: Bent André Midtbø (t.v.), Håkon Hjelle Roset, Marcus Røed Frøyset skriv alle dialekt når dei sender meldingar til kvarandre.

Foto: Bente Kjøllesdal

utslagsgjenvande for nynorskutane, som ikkje har like mykje kontakt med skriftspråket på andre arenaer som jentene.

– Sjølv om jentene skriv dialekt, så får dei inn nok nynorsk. Dei vert nok eksponerte gjennom lesing og andre typar tekstrapraksis. Sidan gutane les lite og kanskje skriv lite, så får dei ikkje stimulert nynorsken sin godt nok, og heller ikkje bokmålet.

Gutane får med andre ord ikkje nok normert nynorsk i kvardagen til å verte gode.

Vangsnes trur også det er mogeleg at den negative trennen i norskfaget «smittar over» på engelskfaget, og fører til at nynorskutane ikkje ser same framgangen som dei andre gruppane.

– Begge delar er skriftspråk og det handlar om formuleringsevne og språkføring. Det er trass alt tekstbygging, og slikt er stort sett felles uansett kva språk du arbeider med.

Kva er dialekt, og kva er nynorsk?

Tilbake på Firda vgs. sit Håkon Hjelle Roset og klassekameratane Bent André Midtbø og Marcus Røed Frøyset lettare henslengt ved inngangspartiet til eine skulebygget.

Dei tre 18-åringane går siste året på idrettslinja. Dei har nynorsk som hovudmål, og seier alle at dei skriv dialekt når dei sender meldingar.

Karane kjenner seg delvis igjen i resultata til Vangsnes og Blekesaune.

– Det at de skriv dialekt til kvarandre, påverkar det måten de skriv nynorsk?

– Ja, det vert jo automatisert. Eg sleit i alle fall i første klasse, då skrev eg tekstane mine på dialekt. Eg tenkte ikkje over det, eg berre skrev, seier Hjelle Roset.

– Det einaste eg kan tenke meg, er at det vert enklare å gløyme vekk den fagleg korrekte nynorsken når ein heile tida har vorte vand til å skrive på dialekt. Så eg kan skjønne at den svinn litt vekk, og at det vert litt kluss, fortel Røed Frøyset.

Treng ikkje vere negativt

Han held likevel fast ved at det ikkje treng vere negativt å skrive dialekt.

– Så lenge du er klar over at du skriv dialekt, og klarer å skilje mellom dei to modusane, så trur ikkje eg det gjer noko.

Hjelle Roset etterlyser betre undervising.

– For min del trur eg det har hatt ganske mykje å seie at

undervisninga har litt feil fokus på kva det er viktig at vi lærer. Vi lærer ikkje å skrive skikkeleg. Det er for lite fokus på grammatikk, seier han.

Skulen må henge med

Også Vangsnes etterlyser at skuleverket heng med og tematiserer dialektar i skulen. Skrifteg dialekt er kome for å bli i Noreg, og per no er det ikkje noko læremål som tematiserer det, i eksisterande læreplanar.

– Ein kan ikkje slå ned på dialektkskriving. Det må snarare sjåast på som ein ressurs, seier Vangsnes.

– Det er ein måte å få unge og ungdom til å skrive på. Ein bør ta tak i denne skrivepraksisen og heller bevisstgjere elevar på korleis den er annleis enn det vi forventar av meir standardspråkleg tekst.

Språkvitaren etterlyser vidare at det vert eit auka fokus på guitar når det gjeld språkopplæring. Dei treng lesestoff og oppgåver som engasjerer dei.

– Nynorskutar er framleis høgpresterande, men dette er ei negativ utvikling, så om ho held fram, kan det ende ein plass vi ikkje vil.

BENTE KRISTIN RUNDREIM KJØLLESDAL
Framtida.no

Nynorsk leseaksjon i medvind

På nyåret er det på nytt klart for den nynorske leseaksjonen Tid for ti for elevar på 7. trinn. Opplaget er ifylgje arrangørane i år større enn nokon gong, og det er venteliste for å vera med.

– Opplaget har auka jamt og trutt sidan starten i 2015. Vi starta med 15.000, var i fjor innom 20.000, og no er vi oppe i 25.000, seier prosjektleiar for Tid for ti i Foreningen! les, Ole Ivar Burås Storø.

Han fortel at skular frå heile Noreg har meldt seg på aksjonen og at fleire skular står på venteliste for å vera med.

I samband med aksjonen skal elevane lesa ein antologi med tekstdutdrag frå ti nynorske bøker. Aksjonen er eit samarbeid mellom Foreningen! les, Nynorskcenteret og andre nynorskaktørar.

Dette er dei ti bøkene som er med i Tid for ti 2019:

- Den tolvt spelaren av Tor Arve Røssland
- Snillionen av Arnfinn Kolerud
- Klure av Atle Hansen
- Jojo av Ida Eva Neverdahl
- 1000 dagar av Inger Johanne Sæterbakk
- Smadra av Brynjulf Jung Tjønn
- Eg er eg er eg er av Ruth Lillegren
- Den norske slavehandelen av Anders Totland
- Jag är Supermann av Lars Mæhle
- Galderstjerna av Asbjørn Rydland

NPK



Nytt rekordår for litteraturfestival

Den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu melder om fleire besökande på rekordmange arrangement.

På dei nitti arrangementa som var del av festivalveka, var det 7.038 som deltok. Det er over tusen fleire enn i fjor.

– Falturiltu er også svært nøgd med, for første gong, å ha gjennomført arrangement i heile ti kommunar, alle dei sju sunnhordlandsommunane, pluss Austevoll, Os og Haugesund, seier leiar Roald Kaldestad i Falturiltu.

Han trekker fram bokbada på barne-, og ungdomsskulane, og intervjuet med Frode Grytten på Stord vidaregåande skule, med musikalske innslag frå musikklinna, som nokre av høgdepunkta.

– Ellers var dokketeateret om Himmel-springaren både morosamt og vakkert. Det var også klassikartimen der Marit Kaldhol og Wenche Øyen diskuterte bildeboka «Farvel, Rune» saman med festivalforfattar Kari Stai. For dei litt eldre blei nok meistermøtet mellom Come Shine, Jan Erik Vold og Einar Økland eit minne for livet, seier Kaldestad.

Nynorskstafetten på Agder og i Telemark

Heile seks kommunar på Agder og ti kommunar i Telemark vart vitja av stafettbilen i haust.

NOREGS MÅLLAG OG Norsk Målungsdom har vore på nynorskstafett i tre veker. På førehand var det avtala innhaldsrike dagar. Det var tre som reiste med bilen, og desse hadde møte med ordførarar, kommuneadministrasjon, barnehagar, barneskular, ungdomsskular, vidaregåande skular og folkebibliotek. I tillegg vart det plass til litt ulike møte med lokalt næringsliv og lokalaviser.

Hektisk og moro

– Det er veldig hektisk og veldig moro å reise med stafettbilen ei heil veke. Det er rett og slett utruleg kjekt, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– På kort tid får vi oppleve eit tverrsnitt i samfunnet. Vi får innblikk i både språkpolitikk og generell distriktpolitikk. Og så må eg seie at det er sunt for oss som kjem frå sentrale strok, å få innsikt i korleis sentraliseringsspolitikk slår ut for folk når til dømes utkantskular vert lagde ned, fortel Magne Aasbrenn. Han var med på vitjing til Hjartdal dialekt- og mållag i Hjartdal kommune. Der er det gjort vedtak om at to av granskulane lyt leggjast ned.

ØVST TIL VENSTRE: I Nissedal fekk stafettlaget møte denne engasjerte gjengen med lærarar ved Kyrkjebygda oppvekstsenter. Foto: Live Havro Bjørnstad

I MIDTN TIL VENSTRE: Steinar Kyrvestad, ordførar i Valle kommune, tok i mot nynorskstafettipinnen på vegner av Valle. Frå venstre: Gunnhild Skjold, Gro Morken Endresen og Steinar Kyrvestad. Foto: Marit Aakre Tennø

– I små lokalsamfunn som til dømes i Tuddal i Hjartdal, skal den offentlege skulen leggjast ned, og bygda startar eigen montessoriskule. Då kan nynorsken vere eitt av argumenta mot sentraliseringa.

Han fortel at det også er kjekt å ha møte med skular som tek ansvar for nynorsken.

– Det er også flott å oppleve rektorar og leiinga på skular som går aktivt inn for at dette skal vere ein nynorsksskule, og at det skal synast igjen i alt det skriftlege på skulen, seier Magne Aasbrenn.

Trefflokallaga

– Det er flott å treffen lokallaga og tillitsvalde. Dei opnar heimane sine, sørger for overnatting og gjev oss god mat. Vi har verkeleg blitt tekne godt imot alle stader og det set vi stor pris på.

– *I fjor var du med stafettbilen ei veke i Valdres. Ser du likskapar mellom Valdres og Telemark?*

– Jo, nærmere du kjem Oslo, dess meir utfordringar får nynorsken. Det er likt mellom Valdres og Telemark. Reisetida inn til hovudstaden blir stadig korta ned, og dermed får bygdene stadig fleire tilflyttarar med bokmålsbakgrunn. Då er det viktig å vinne dei for nynorsken og få dei til å skjønne at det er fint for barna deira å ha nynorsk i skulen.

ERIK GROV
erik.grov@nm.no

NEDST TIL VENSTRE: Stafettlaget i Fyresdal: Frå venstre Eline Bjørke, Hege Lothe og Live Havro Bjørnstad. Foto: Ein elev ved Gimle skule

STORT BILETE: Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, les for barna i Bø: Den store Bukken Bruse skal akkurat til å gå over brua der barna i Gullbring barnehage i Bø er troll. Foto: Ingar Arnøy



SAMTALE OM SPRÅK: Språkinteresserte ungar og Evald Fredholm snakkar saman i Trollskogen barnehage på Raufoss. Foto: Jorunn Ingeborg Aarsby

Språkstund om å bruke dialekt

– DET HAR LENGE vore hevdat at barnehageungane på Toten «itte talar totning lenger»; dei snakkar nærmast standardisert austnorsk. Mange av dei seier faktisk «jeg» og «ikke», i staden for «je» og «itte». Det vil seie at nokre av dei mest tydelege og markante målmerka for totenmålet er på tur til å forsvinne, fortel Jorunn Ingeborg Aasby, leiar i Toten dialekt- og mållag.

Dette var bakgrunnen for at styret i Toten dialekt- og mållag fekk ideen om å tilby barnehagane på Toten ei språkstund. Evald Fredholm, totning, musikar og historikar, fekk utfordringa med å reise rundt til barnehagane.

«Agusta» og «bæssmor»

1– No skal eg fortelje om ei jente frå Gjøvik som var på besøk «håss bæssmor» si på Eina.

Jenta heitte Augusta, seier Evald Fredholm til barnehageungane, og fortel vidare om jenta og bestemora hennar. På Toten uttaler eldre folk dette namnet «Agusta», med trykk på fyrste stavinga, og det gjorde bestemora også. «A Bæssmor» spadde i kaffegrut, og ho fortalte eventyr.

Bestemora hadde laga ei liste over saker og ting som ho Augusta måtte hugse å ta med seg når ho skulle kome på overnattingstur. Og blant tinga som måtte få plass i «kufferten», var mellom anna ein tannkost, eit par hosor, ein bunding, eit gånnyste, ein spile og ei luve.

– Er det riktig å seie «tænnkost» i staden for «tannbørste», «bunding» i staden for «strikketøy» og «spile» i staden for «speil», spør Evald Fredholm. I fyrste omgang



ekt i barnehagane på Toten

var nok ikkje alle heilt sikre på det, men konklusjonen vart sjølv sagt at ein og same ting kan ha ulik uttale eller ulike namn, og at den eine uttalemåten og nemninga er like rett som den andre.

Gode tilbakemeldingar

– Er det nokon som kjenner nokon som snakkar andre dialektar enn totning, spør Evald Fredholm. Og det var det mange som gjorde. Fleire av barnehageungane på Toten kjente også nokon som snakka andre språk.

Evald Fredholm snakka med ungane om språk og dialekt, spelte trekkspel og song, og jammen vart det litt dans også saman med ungane. Og i dei fleste barnehagane sat ungane som tende ljós.

– Dette var verkeleg eit flott tiltak. Dialet er noko vi kan ta meir tak i framover, melder Elin Stensrud Sveum, styrar i Kolbu barnehage.

– Toten dialekt- og mållag har fått fleire positive tilbakemeldingar frå barnehagane, fortel Jorunn Ingeborg Aarsby. Dei sende ut tilbodet om å få Evald Fredholm til mange barnehagar, og det var så populært at ikkje alle kunne få besök.

– Om mållaget kan vere med på å gje meir medvit om dialektbruk i barnehagane på Toten, er det viktig, og vi er glade for at dette tiltaket fekk såpass mykje positiv merksemd i barnehagane og i media.

HEGE LOTHE
Hege.lothe@nm.no



NYVALDE: Det er god stemning hjå det nyvalde styret i Vik Mållag. Frå venstre kasserar Henrik Holmberg, nestleiar Gunnhild Brekke og leiar Eivind Helleland.

Foto: Hege Lothe

NY AKTIVITET I VIK MÅLLAG: Laget har ikkje levert årsmelding på nokre år. Det er difor svært gledeleg at det no blir skikkeleg aktivitet i laget. I vår var det eit møte om saka, og på møte i oktober vart det valt eit styre som set i gang med aktivitet og førebur eit ordinært årsmøte til våren.

BOK I VALDRES: Nord-Aurdal Mållag har i mange år vore med på å skipe til Bok i Valdres. Dette er eit samarrangement saman med **Valdresmusea, Libris Fagernes** og **Nord-Aurdal folkebibliotek**. I år var det mange forfattarar med lokal tilknyting som vart presenterte: Både Jarar Damman, Fredrik Dieserud, Alice Gudheim, Anne Marte Før, Kirsten Onstad, Odd Arne Rudi, Sølvi Wærhaug, Birgit Haugen og Ivar Aars.

DIGITALISERER STADNAMN I KVITESEID: Stadnamn frå Kviteseid vert no tilgjengelege på nett, melder Kviteseid kommune. Det er **Vest-Telemark Museum, Kviteseid Historielag** og **Kviteseid Mållag** som har gått saman for å digitalisere samlinga til Thor H. Wraa. Han har samla inn 9300 stadnamn frå Kviteseid. 2500 av desse er koordinatfesta, og fleire vil bli tilgjengelege for ålmenta før jol.

LANSERER ÅRSSKRIFTET «DE E OGOSKLI»: Dette er Vegårdshei sitt årsskrift og det er **Johannes G. Torstveit** som leiar redaksjonskomiteen. I år kan ein lese både om ål, knott og hest, og ikkje minst den lite kjende krigshelten Sverre Granlund.

SOGA OM SØGNE: Søgne kommune har eitt år att som eigen kommune, og no meiner fleire at tida er inne for å skrive soga om Søgne. Finansieringa er klar og **Søgne Mållag** har med ein representant i redaksjonskomiteen.

NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS PÅ AGDER: Kvart år deler Mållaga på Agder ut ein nynorsk næringslivspris til eit firma som nyttar nynorsk i marknadsføringa av produktet sitt. Prisen er etablert av Mållaga på Agder for å stimulere til nynorsk i næringslivet. I år er det **Rysstad Laftebygg AS** ved **Knut H. Rysstad** som fekk prisen, melder Setesdølen. Rysstad Laftebygg AS fekk ein gavesjekk på 10 000 kroner og diplom.

JOL I TELEMARK: Kvart år kjem dette populære magasinet ut i 5000 eksemplar. Det er **Telemark Mållag** som er utgjevar og **Ragnar Lurås** er redaktør.



FITJAR MÅLLAG STARTA OPP ATT: Laget har vore registrert som lokallag i årsmeldingane til Noregs Mållag frå 1990 og framover, men aldri med meir enn fire medlemer. Denne hausten vart Fitjar Mållag skipa opp att. **Ingrid Hovland** er vald til ny leiar i laget.

SIGNERTE: Ordførar i Fitjar, Wenche Tislevoll (t.v.), signerte protokollen for oppstartsmøtet til Fitjar Mållag. Ingrid Hovland er nyvald lokallagsleiar.

Foto: Hege Lothe

Nye læreverk i vaksenopplæringa

Siste året har det kome til nye **læreverk på nynorsk** for vaksne innvandrarar. Ulstein kompetansesenter har prøvd ut desse.

– **KOMPETANSE NOREG** er tydeleg på at vi ikkje skal tilrå eitt læreverk eller eitt forlag, men leggja fram kva som er fordelane med kvart enkelt læreverk, slik at det skal verta lettare å velja for andre lærarar som skal velja læreverk ut frå elevgruppa si, seier Mali Åm ved Ulstein kompetansesenter. I skuleåret 2017/18 har Ulstein kompetansesenter vore «Kompetansesenter nynorsk», og ho hatt ansvar for dette.

Dagsaktuell

To nye læreverk er *Hei for A1* og *A2* som har kome ut på forlaget Capelen Damm. Det andre læreverket er *God i norsk 1* for same målgruppa frå Aschehoug forlag.

– Begge er gode på kvar sin måte. Styrken til *Hei*-læreverket er at det er tilpassa ganske svake elevar. *A2*-boka er meir arbeidsretta enn andre lærebøker, fortel Mali Åm.

– *God i norsk 1* har på si side ei veldig fyldig arbeidsbok, og det er mykke å jobba med. Ho er veldig dagsaktuell. Her lærer deltakarane tidleg uttrykk som til dømes

FAKTABOKS:

Om nynorsk for vaksne innvandrarar:

- <https://www.kompetansenorge.no/Norsk-og-samfunnskunskap/nynorsk/>
- <https://www.kompetansenorge.no/Norsk-og-samfunnskunskap/laremider/>
- Her skal forlaga sjølv leggja inn læreverk for målgruppa. Vi kan mellom anna søkja på målform og papir eller digital.

å chatta og snakka på skype. Kva læreverk ein vel å bruka, handlar mykke om kva elevar du har, seier Mali Åm.

– Mange av oss gler oss til *Hei Alfa* kjem ut på Cappelen Damm neste år. Dette er eit heilt nyskrive læreverk for analfabetarar, som kjem ut parallelt på nynorsk og bokmål til skulestart hausten 2019. Forfattarane har erfaring med å undervisa og skriva for denne elevgruppa, og etter det vi kjenner til, vert dette eit godt læreverk.

Tidlegare utgjevne læreverk er òg reviderte, saman med læreverk for grunnskulen som òg kan nyttast for vaksne.

Nettverk for lærarar

På Facebook er det oppretta ei eiga gruppe for lærarar som underviser i nynorsk for vaksne innvandrarar.

– Det er veldig viktig at endå

fleire lærarar vert ein del av denne gruppa. Der kan ein bli informert og oppdatert, og ein kan utveksla gode råd med tanke på undervisning og aktuelle bøker og materiell på nynorsk, seier Mali Åm.

I september var det eit seminar i Volda som samla lærarar fra vaksenopplæringssenter og ungdomsskular frå Sunnmøre og Nordfjord. På dette seminaret heldt Nynorsk-senteret føredrag om fleire bøker utan tekst, såkalla «ordlause bøker» som passa veldig godt i undervisninga av denne elevgruppa. På seminaret la også Mali Åm fram erfaringane som Ulstein kompetansesenter hadde med dei nye læreverka.

Ny utlysing

Det har vore eit opphold i haust, så ingen har hatt same oppdraget som Mali Åm hadde førre skuleår. No har Kompetanse Noreg lyst ut ein ny runde med «Kompetansesenter nynorsk»-ordning.

– Det er veldig bra at Kompetanse Noreg vil halde fram med denne ordninga. Vi som har arbeidd med nynorskopplæring for vaksne innvandrarar i mange år, opplever at det er mange som spør om råd og treng informasjon. Og då er bra at nokon får betalt for å løysa denne oppgåva, seier Mali Åm. Utlysinga frå Kompetanse Noreg har nett hatt frist for å levera inn ein søknad, og kven som får oppdraget, var ikkje klart då avis gjekk i trykken.

HEGE LOTH
hege.lothe@nm.no



Det går

Engelsk dominerer i **dataspelverda**. Forskar hevdar at det førebels er liten grunn til uro.

DÅ KAPASITETEN PÅ internett kom opp på eit passeleg høgt nivå, gjekk det å spela dataspel frå å vera noko ein gjer åleine til noko ein gjer saman med andre. Rett nok kunne ein også tidlegare samla seg rundt Commodore 64-maskina og saman venta på at spelet skulle lastast inn på den relativt vesle harddisken, men no kan ein spela og snakka med folk over heile verda. Det har også gjort at spelarar i mykke større grad kommuniserer med kvarandre, slik at ein no kan snakka om eit miljø. Sidan dei mest populære spela i alle hovudsak er engelskspråklege, veks det no opp ein generasjon guitar (og nokre jenter) som både les, høyrer og snakkar mykke meir engelsk enn det som var vanleg før.

Stipendiat Anne Mette Sunde ved NTNU i Trondheim har undersøkt



INSPIRERTE: I september inviterte Nynorsk-senteret og Kompetanse Noreg til inspirasjonssamling for lærarar som underviser i nynorsk for vaksne innvandrarar. Dese snakka på samlinga: Reidun Kyland (f.v.) og Liv Astrid Skåre Langnes frå Nynorsk-senteret, Mali Åm frå «Kompetansesenter nynorsk» og Ulstein kompetansesenter og Ida K. Aarflot Kornberg som då var tilsett på Nynorsk-senteret.


Foto: Hege Lothe



SPELAR PÅ ENGELSK: Skjermdump frå Counterstrike Global Offensive

ValveSoftware

r på engelsk. Og norsk



GJELD ALLE – Det er ikkje berre dette miljøet som blir eksponert for meir engelsk, det gjer alle, meiner Anne Mette Sunde.

Foto: NTNU

kva konsekvensar denne veldige bruken av engelsk har ført med seg. Gjennom opptak av Counterstrike-spelarar, chat-loggar og intervju leita ho etter såkalla indirekte lån. Dette fenomenet finn ein tilsyne-latande overalt i samfunnet, men tanken var at det var ekstra synleg her. Arbeidet skal enda opp som i doktorgrad.

– I miljø med gode engelskkunnskapar, er dette ikkje uvanleg, fortel Sunde.

– Me låner inn ord og uttrykk, men set om orda til norsk. Så i staden for å seia «å skilja seg ut», så seier ein «stå ut», som kjem frå det engelske «I don't want to stand out». På same måte kan ein seia «i mi meinung», som i «in my opinion». Sidan dataspelmiljøet er godt over snittet gode i engelsk, rekna eg med å finna mykje av det her.

– Men det gjorde du ikke?

– Nei, tvert i mot. Spelarane snakkar og skriv norsk med andre norske spelarar, og det same gjeld artiklar som er mynta på eit norsk publikum. Så norsk har ei robust rolle. Det er mykje engelsk i kommunikasjonen, men det skil seg ikkje frå korleis folk elles låner inn engelske ord inn i daglegtalen. Skilnaden er sjølv sagt at det er mykje meir av det her, og at orda er mykje meir spesialiserte.

– Kvifor har dei ikkje kome opp med eigne norske ord og uttrykk?

– Det er det fleire grunnar til. For det første er det eit engelskspråkleg spel, med engelsk skrift og lyd. Men viktigast er at dette er eit internasjonalt miljø. Som spelar kan du

like godt spela med folk i utlandet som med folk i nabobygda. Då er det greitt å ha omgropa inne. Det blir som faguttrykk, termar. For uinnvigde kan desse omgropa vera heilt uforståelege, men ikkje for Counterstrike-spelarar. Så bruken av engelsk har ei praktisk årsak.

– Er det i heile teke gjort forsøk?

– Ingen som har sett spor i alle fall. Eg spurde i intervju om akkurat dette, men svaret var det same: dei treng eit sams teknisk språk.

– Er dette eit alvorleg domenetap?

– Det er eit for stort spørsmål

for meg å svara på. Men det blir litt feil å kalla det eit domenetap, i alle fall i tradisjonell tyding. Dette har aldri vore eit område der norsk har dominert. I akademia og i næringslivet kan ein i større grad hevda at engelsk overtek, men det kan ein ikkje seia her. Det har blitt gjort nokre forsøk på å få opp norsk spelindustri, men det har ikkje sett så mange spor, i alle fall ikkje språkleg. Eg har registrert at journalistar har gjort forsøk på å koma opp med norske termar, men desse har førebels ikkje fått særleg gjennomslag i miljøet.

– Skal me vera uroa?

– Ikke alvorleg. Det er ikkje berre dette miljøet som blir eksponert for meir engelsk, det gjer alle. No kan ein enkelt kopla seg på ei engelskspråkleg verd frå sofaen, så det er ein heilt annan kontakt enn før. At dette miljøet held på norsk i såpass stort mon, er eit godt teikn også for alle andre. Men eg er samd i det Språkrådet har hevda. Det er litt synd om engelsk blir knytt til alt som er moro og gøy, medan norsk sit att med kvardagen. Det er ikkje heilt sunt i lengda.

Dette har aldri vore eit område der norsk har dominert.

Anne Mette Sunde,
stipendiat ved NTNU

– Vi må bli meir synlege i heile landet, også i Oslo og Bergen, der dei fleste nynorskbrukarane bur, seier den nybakte direktøren i Nynorsk kultursenter, **Per Magnus Finnanger Sandmark** (28).

– Vi må bli meir synlege

I NOVEMBER TOK Sandmark over direktørstolen i Nynorsk kultursenter etter Ottar Grepstad, som blir pensjonist etter 19 forrykande år i Aasen-tunet i Ørsta. Men den nye direktøren lèt seg ikkje affisere av at han hoppar etter ein «Wirkola».

– Eg må finne min måte å gjøre det på. Og dei fleste som hoppa etter Wirkola, hoppa lenger enn han, seier Sandmark.

Den sjølvstillingen byggjer han mellom anna på at han ulikt forgjengaren kjem til dekt bord. Sandmark tar over ein vel etablert museumsinstitusjon med 20 årsverk, avdelingar i Ulvik, Vinje og Ørsta og tre godt besøkte kulturfestivalar.

– Grepstad har leidd denne institusjonen i ein etableringsfase. Da han vart tilsett i Nynorsk kultursenter, var han først den einaste tilsette. Det er ein stor forskjell, seier Sandmark.

Politikk og kultur

Den faglege ballasten har han i form av ein mastergrad i kulturhistorie og museumsvitskap frå Universitetet i Oslo. Politisk ballast har han fått som folkevald for Venstre i kommunestyret i Halden, fylkestinget i Østfold og som rådgivar for Venstre på Stortinget. Og så har han vore aktiv i Norsk Målungdom og Nei til EU.

I Nynorsk kultursenter har han vore sidan 2015, først som formidlar ved Olav H. Hauge-senteret i Ulvik og seinare som redaktør for nett-leksikonet Allkunne i Ørsta. No skal han leie heile institusjonen og nå enda vidare og enda fleire enn før.

– Det å dyrke formidlinga til dei gruppene vi elles ikkje når, det er viktig for meg. Det er utruleg viktig at vi tar ei rolle som gjer at fleire

FAKTA

■ **Per Magnus Finnanger Sandmark**

■ Ny direktør i Nynorsk kultursenter

■ Fødd i 1989 i Halden

■ Kulturvitjar med mastergrad i kulturhistorie og museumsvitskap frå Universitetet i Oslo

■ Har tidlegare vore tilsett ved Olav H. Hauge-senteret i Ulvik og som redaktør i Allkunne

vi må sjå på i kvart enkelt prosjekt, seier han.

For Sandmark handlar det ikkje berre om å gjøre Nynorsk kultursenter meir synleg, men om å gjøre nynorsken meir synleg. Behovet for ein meir synleg nynorsk såg han tydeleg da han for eit lite tiår sidan i Målungdom-regi besøkte sjetteklassar på språkdelte skular rundt Bergen og Haugesund.

– Der såg eg at dei som var i nynorske mindretal, trong tydelege førebilete og å sjå nynorsk brukt på fleire område og få ei positiv oppleving av språket sitt. Den erfaringa har følgt nynorskengagementet mitt sidan.

Direktør for føregangsmuseum

Per Magnus Sandmark blir òg direktør for det Norges museumsforbund i 2015 karakteriserte som «et offensivt, alliansebyggende og framtidsrettet museum». Juryen for prisen Årets museum roste institusjonen i Hovdebygda for å gjøre «historie og immateriell kulturarv levende og relevant gjennom utstillinger, festivaler og en tydelig stemme i samfunnsdebatten».

Museumsvitaren gler seg til å vere med på å byggje opp ei heilt ny hovudutstilling ved det nye Vinje-senteret i Telemark, men han er mest optatt av å dyrke den moderne museumstanken og det store mangfaldet av aktivitetar.

– Det som er fint med Nynorsk kultursenter, er at det er ein moderne museumsinstitusjon som ikkje berre formidlar fortida, men som òg prøver å påverke samtida for dermed å forme framtida. Alt vi gjer, enten det er politisk påverknadsarbeid basert på fagleg dokumentasjons- og forskingsarbeid, utstillingsarbeid, arrangement eller

festivalar, alt dette er museumsverksamd, seier Sandmark.

Trendy mangfold

Han forklarer at denne typen kombinasjonsbruk høyrer til ein museumstrend som har vakse fram dei siste tiåra. Mangfaldet av aktivitetar er rett og slett trendy.

– Eg trur det har vore heilt avgjørende at vi i motsetning til andre museum og kulturinstitusjonar er samla i ein fagfellesskap og ikkje i ein geografisk fellesskap, seier Sandmark.

– *Kva er det første du skal gjøre som direktør?*

– Eg skal vere med på konferansen «Treng vi nynorsk?» i Førde saman med blant andre språkdirektør Åse Wetås, kulturminister Trine Skei Grande og kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen. Eg skal snakke om nynorskbrukar-perspektivet, mellom anna.

– Og viss Trine Skei Grande får halde fram som kulturminister, så skal du vel kviske henne i øyret om både språklov og anna?

– Ja, uavhengig av om det er Trine Skei Grande eller andre, så blir det kviskring i øyret om språkpolitikk. Rammevilkåra for det vi held på med, må vere på plass, seier den ferske direktøren i Nynorsk kultursenter.

HALLVARD ØSTREM
NPK

NYNORSKDIREKTØREN: Den 1. november tok Per Magnus Sandmark fatt i den nye jobben som direktør i Nynorsk kultursenter.

Foto: Hallvard Østrem / NPK





MÅ EIN HA KULTUR FOR LÆRING!

I Fjord1 er vi opptekne av å utvikle oss heile tida. Ikkje berre som organisasjon, men òg med tanke på kvar einskilt sin kompetanse. Og ikkje minst treng vi

stadig nye folk til dei mange spennande oppgåvene vi skal løyse på dei norske fjordane. Vi vil gjerne kome i kontakt med deg for å sjå om det kan vere ein

jobb som kunne passe nettopp deg og din kompetanse. Fjord1 er så mykje meir enn berre miljøvennlege ferjer og gode sveler!

VISSTE DU AT ...



... Fjord1 er **Noregs største ferjereiarlag** med om lag 1200 tilsette over store delar av Noreg



... til saman har vi i løpet av eit år om lag **120 opplæringsstillingar** i kortare eller lengre periodar

... kompetanseområdene våre spenner frå miljøteknologi, forretningsutvikling, HR og IKT til strategi, catering og økonomi/finans



... vi tilbyr **spennande traineestillingar**



... Fjord1 vart kåra til **Årets Opplæringsbedrift** innan maritime fag i 2016

... vi er nominerte i år igjen



... i 2017 tilsette vi heile **281 nye medarbeidrarar**, derimellom 19 nye i administrasjonen



søk ledige stillingar på **fjord1.no** og følg oss på Facebook og Instagram

... for tida har vi **15 kadettar**, der fem av dei er maskinkadettar og ti av dei er dekkskadettar

... framover er det mellom anna **stort behov for maskinistar** på sjø



VÅRE VERDIAR:
STOLTE • OPNE OG ÆRLEGE • PÅLITELEGE • GODT HUMØR • TEAMÅND • LØNSAME

www.fjord1.no

– Vil du fortelja ei historie som set spor, så er det nok bra å vera innom noko mørkt, seier **Anja Dahle Øverbye**. Teikneseriane hennar tek tak i dei tunge tankane.



PÅ ALVOR: Det er ingen tvil om teikneseriar blir tekne meir på alvor, seier Anja Dahle Øverbye.

Foto: Kjartan Helleve

Ville inn i det ville

I MANGE ÅR var teikneseriar i Noreg anten hyperkommersielt eller totalt obskurt. Men ein stad på 80–90-talet vart det brått råd å leva av det sjølv om du ikkje teikna Fantomet. I alle fall om du heitte Christopher Nielsen, Frode Øverli eller Lise Myhre. Etter kvart kom det også teikneseriar som var langt frå mus, bikkjer og ender utan truse. Steffen Kverneland og Lars Fiske har gjort utruleg mykje for at dette har ein blitt sjanger å rekna med. I skuggen av dei aller største har det så dukka opp nye stemmer som tidlegare ville ha laga seriane sine på kopimaskiner, som t.d. Inga Sætre og Anders Kvammen. Men den nyvunne posisjonen teikneseriar har fått her til lands, gjer at dei heller gjev ut skikkelselege bøker og blir melde i aviser. Eit fellestrekks for denne generasjonen er at forteljinga er sjølvbiografisk, eller i det minste inspirert av eige liv.

Ei av desse nye røystene er Anja Dahle Øverbye. I utgangspunkt utdanna illustratør, men hamna relativt fort inn i teikneseriane. Teikneserieromanen *Hundredagar* kom ut 2015, og andre boka *Bergen* kom ut i vår.

– Eg er nok i større grad inspirert av svenske teiknarar, seier Øverbye.

– Der er det, eller rettare, var det ein tradisjon for sjølvbiografiske teikneseriar teikna med blyant. Sverige ligg alltid føre oss, så der har dei no gått vidare. Men ja, i Noreg står me midt opp i ei slik bylgje.

Eit alvor

– Det er ofte litt tung materie i desse seriane, så også i dine?

– Akkurat som det er i litteratur generelt. Vil du fortelja ei historie som set spor, så er det nok bra å vera innom noko mørkt. Det er sjølvsagt mykje bra som ikkje er så alvorleg, men det er enklare om ein tek utgangspunkt i noko tungt. Då har hovudkarakteren noko å slita seg gjennom. Difor har det aldri kome noko hyggjeleg frå min kant. Eg har alltid teke utgangspunkt i dei mørke tinga, som kreft og vaklande mental helse.

FAKTA:

■ **Anja Dahle Øverbye**

■ Teikneserieiteknar og illustratør

■ Driv Blokk forlag saman med Ingrid Flognfeldt Brubaker.

– Men blir du ikkje sliten av det?

– Jo, det er fort sjølv å bli litt tung av det. Men no har eg no starta på dette formidlingsprosjektet der eg tek utgangspunkt i meg sjølv og eige tungsinne, så då får eg nesten stå i det.

– I litteraturverda er trikset å kalla boka for «ein roman». Då kan ein koma unna med nesten kva som helst. Men ein «teikneserieroman» handlar vel mest om lengd?

– Det er mykje sjølvbiografisk, for til liks med annan litteratur tek me utgangspunkt i vårt eige liv. Men me har sluppe unna mykje av det ordskiftet, me berre kører på. Men mykje av dette verkelegelivet er henta frå oppveksten eller ungdomslivet. Alle har vore 12–13 år, men det er heldigvis lenge sidan. Det er verre å skrive sant om noko som hender i vaksenlivet. Då er det lite distanse.

Kulturrådet avgjerande

– Korleis er det å vera med på denne bylgja av teikneseriar?

– Ho er ikkje så veldig stor denne bylgja, det blir ikkje gitt ut så mange teikneseriar her til lands. Men det er ingen tvil om at teikneseriar blir tekne på alvor. Noko av det viktigaste er at me blir melde og skrivne om i dei store avisene. Det sidestiller oss med andre kulturuttrykk, gjev oss ein legitimitet.

– Og ein marknad?

– Absolutt, sjølv om han ikkje er særleg stor. Eg plar seia at det er som å halda på med poesi.



Teikning: Anja Dahle Øverbye

Det er ikkje dei heilt store salstala, med mindre du heiter Steffen Kverneland. Men det er premissen. Det er ingen som går rundt og trur at ein skal selja i bøtter og spann. Det er innkjøpsordninga og Kulturrådet som gjer dette mogleg. Dei kan i tillegg gje produksjonsstøtte, så dei har vore utruleg viktige. Den einaste haken er at dei blir sitjande med mykje makt, og kan avgjera kva seriar som blir teikna og kjøpte inn. Men så langt har det fungert fint, og nivået har blitt veldig høgt.

– Har du eit nyt prosjekt på gang?

– Det har eg, og det er ikkje sjølvbiografisk.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Mons Litleré var ein forleggar utanom det vanlege. Jan Olav Gatland har skrive biografien om gründeren i Bergen.



Våpenhandlar

DEN MÅ HA vore eit merkverdig syn: kista som stod midt i bokhandelen omringa av bøker og blomar. Mons Litlerés bokhandel låg i den travlaste handlegata i Noreg anno 1895: Strandgaten i Bergen. Kransar og helsingar var komne frå fjern og nær, frå gardar og kjende kunstnaradresser. Noreg hadde mista sin aller første nynorskforleggar og -bokhandlar.

Namnet på dei store utstillingsvindaugo fall saman med namnet på mannen i kista. No låg Mons Litleré (1867–1895) midt i livsverket sitt. Ettertida fortel at bokhandelen hans var ein møtestad av dei sjeldne både når det gjaldt målkamp og litterært liv. Litt meir uventa er det at Litlerés bokhandel selde våpen også, nærmare bestemt rifler. For Mons Litleré var ikkje berre målkjempar og bokprodusent: Han var også ein ihuga skyttar. Som 17-åring vart han formann i Naustdal skyttarlag, og då han flytta til Bergen, blei han raskt med i Bergen skyttarlag. Den gongen var det nære band mellom målrørsla og skyttarlag mange stadar i landet. Våpen og målkamp var begge grep i forsvarer for eit sjølvstendig Noreg. Få fekk utretta – og ofra – meir for denne saka enn Mons Litleré.

JAN OLAV GATLAND bur i eit rekkehus som nærmast klamrar seg fast i ei stupbratt fjellsida over Bergensdalen. Frå Nattlandsfjellet ser ein ned til byfjorden. Herifrå kan den pensjonerte bibliotekaren skimte både sin gamle arbeidsplass Universitetsbiblioteket, og åstaden for mykje av livet han no har samla mellom to permar. Biografien om Mons Litleré har han halde på med i ti år. Tidspunktet for publiseringa er lagt til Det Norske

Samlagets 150-årsjubileum, men Gatland fortel at eit anna 150-årsjubileum er minst like viktig:

– Det såkalla Vestmannalaget blei også grunnlagt i 1868, og det var bøkene dei gav ut på landsmål som var utgangspunktet for Litleré som bokhandlar. Med desse i skreppa drog han rundt som såkalla bokskreppekar eller kolportør. Vestmannalaget heldt til i Bergen. Dei mest kjende medlemmane var alle borgarskapsmenn og freliste på landsmål. Nett som Bjørnestjerne Bjørnson var dei inspirerte av Ivar Aasens visjonar.

LITLERÉS KREMMARVERKSEMÅL BALLA raskt på seg. Frå sin heimebase i Naustdal – ein avkrok i Sunnfjord – drog han rundt på landsbygda med bøker. Dette gav han unik erfaring med å oppsøke folk og snakke om bøker. Den same motivasjonen gjorde at Litleré opna sin første bokhandel.

– Norskmalets bokhandel kallar han butikken som går inn i historia som landets første nynorsk-bokhandel. Året er 1886 og staden er den vesle heimbygda Naustdal, men det går ikkje lang tid før han veit med seg sjølv: Han vil også vere forleggjar. Frå første stund tenker han stort og veit kva som skal til: «Eit stort namn» kunne få folk flest til å få augo opp for bøkene hans – og for landsmålet. At bøkene i hovudsak skulle vere på denne rykande ferske målforma, er nærmast eit misjonskall.

Biografen skjuler ikkje beundringa for det Litleré fekk til, trass eit kort liv. Eit døme er brevet han skriv som nittenåring frå Naustdal. Addressten er sjølvaste Bjørnson. Han spør like godt om ikkje han kan få lov til å omsetje forteljinga om Synnøve Solbakken til landsmål. Er dette greitt for Bjørnson? Timinga er perfekt: Det er kort

tid sidan han gav ut sin første tekst på det nye målet – novella «Ei faarleg friing» (1868). Brevet Bjørnson skriv til Litleré blir viktig for den unge forleggaren:

– Diverre er brevet forsvunne. Men me veit at Litleré viste dette fram til folk i butikken. Bjørnsons positive innstilling var noko han nemnde for alle framtidige forfattarar. Det var slik også Arne Garborg blei overtydd om at den unge redaktøren hadde noko for seg.

FRAMGANGSMÅTEN HER HAR ein del til felles med kva Litleré seinare kjem til å gjøre: Å dyrke nærvirkontakten med folk – anten dei er store forfattarar eller lesarar i Sunnhordland.

Kritikarane var ikkje berre positive til «Synnøve Solbakken» på landsmål. Meldingane var såpass kritiske at han aldri torde sende boka til Nasjonalskalden på Aulestad. Ettertida viser at dette var med god grunn. Ifølge Jan Olav Gatland gjekk det over stokk og stein med omsetjinga av «Synnøve Solbakken»: Fordi Litleré hadde så dårlig tid, las han aldri korrektur. Til forleggarens forsvar kan ein rett nok seie at landsmålet enno ikkje var normalisert, slik at det ikkje fanst noko norm å lese korrektur ut frå.

Trass den dårlige starten blei samarbeidet med Bjørnson døropnaren for eit eventyr i norsk forlagshistorie. Folk flest brydde seg ikkje om dei språklege blunderane, og kjøpte boka en masse.


PANGSTARTEN I NAUSTDAL vart raskt lagt merke til, og frå det nystarta forlaget dukka det stadig opp nye bøker. Suksessen balla på seg, og det enda med at 20 år gamle Litleré vart headhunta til det



BOKHANDEL: Mons Literé opna butikk i Strandgaten 65 i Bergen i april 1894.

Foto: Ukjend, truleg Johan von der Fehr
Tilhører Einy Mo. Frå boka

og målpionér



FORTENER STØRRE PLESS: – Han er nemnd ei rekje stadar, men utan å få sin rettmessige plass, meiner biograf Jan Olav Gatland. Foto: Samlaget



KALL: At bøkene i hovudsak skulle vere på denne rykande ferske målforma, er nærmast eit misjonskall for Mons Litleré. Foto: Brødrene Larm. Tilhører Einy Mo

nyoppstarta bladet *Firda- og Sygnafylkets avis* (seinare *Firda*) da utgjevaren i Bergen trong ny redaktør. Det var ei moglegheit den unge gründeren ikkje kunne takke nei til, og til Bergen tok han med seg både bokhandel og forlagsverksemde.

Grunnlaget for suksessen var hefte i eit særskild format: småstubbane – korte forteljingar som kom til å bli veldig populære. Gatland skriv at desse blei lesne i filler av eit stort publikum. Innhaldet gjekk frå reine skrøner til meir alvors-

prega noveller, og blant forfattarane fann ein Rasmus Løland, Vetle Vislie og Anders Vassbotn. Ein annan Litleré-kommentator, Idar Stegane, meiner stubbane var «med og berga nynorsk prosa frå noko av det gravalvor og det nasjonalemne språk som ofte har prega han».

I DESSE SAMLINGANE får Litleré også med meir kjende forfattarar som Dostojevskij og Garborg. Særleg kjem sistnemnde til å bety mykje for den vidare forlagsverksemda.

– Samarbeidet starta med at Litleré fekk Garborg med på gje ut samlingar i bokform av artiklar og essay Garborg hadde hatt på trykk i blad og aviser, på dansk-norsk. Til då hadde Garborg berre gitt ut éin roman på landsmål: *Bondestudentar*, som kom ut i 1883. Då han valde å gje ut *Hjå ho mor* på dansk var årsaka eine og åleine marknadsmessig. *Hos Mamma* skulle ut i København. Og det var no Litleré spurde om han kunne få gje den ut på landsmål. Garborg sa ja og sette straks i gang med å omsetje. Og det var aldri snakk om ei omsetjing ord for ord.

– Det viste seg at Garborg tenkte ganske annleis på landsmål. Det er difor ein framleis trykker *Hjå ho mor*, og ikkje den danske versjonen. Den har knapt nokon høyrd om.

Gatland blar opp til eit døme på at *Hjå ho mor* er langt betre enn den danske søster-utgjevinga:

«*Fru Holmsen var bleven lang i Ansigtet. Forstaar De dette-her, Fru Mühlberg?* sagde hun.» (*Hos Mama*)

«*Fru Holmsen saag ut som Baaten var fraahenne-rodd; forstend De dette, Fru Mühlberg?* sa ho.» (*Hjaa ho Mor*)



UNGDOM: Som 17-åring hjå fotograf i Bergen i 1884 før han byrjar på folkehøgskulen i Sogndal.

Foto: A. M. Andreassen. Tilhører Bjørg Litleré. Frå boka

SAMARBEIDET OM HJÅ HO MOR

gjev meirsmak. Den neste Garborg-romanen forlagshuset på Nordnes gjev ut, blir sjølv vendepunktet – både for Garborg og Litleré. Det er romanen *Fred*. Denne skildringa av eit indre mørker i det vide jærske landskapet blir i dag rekna som eit meisterverk. Kritikarane Gerhard Gran og Hans Kinck var blant dei som vart gripne av Garborgs naturalisme, og i *Innherreds-posten* skrev den anonyme meldaren AG: «For en Naturstemning, som synger os imøde fra Bogens første Blad. Hvor tydelig ser vi ikke Jæderen malet fra Stranden opover med de lyngbrune Bakker og blege Myrer.»

Andre meinte verket ikkje fekk den merksenda det fortente. Ein av dei er teologen og filosofen E.B. Horn, som tok opp romanen i to kronikkar i *Aftenposten*. Han meinte årsaka til manglande merksemad var motstanden mot landsmålet. For Garborg og forleggen var *Fred* uansett ein suksess – ikkje minst økonomisk.

– Garborg vart med dette overtydd om at han kunne livnære seg som landsmålsforfattar, seier Gatland.

STADIG NYE DØRER opna seg for Litleré. Ei dør som derimot blei verande lukka, er Bokhandlarskulessen var ikkje nok til å bli akseptert, og dermed kunne han ikkje anna enn lengte etter dei økonomiske medlemsfordelane. Gatland meir enn antyder at årsaka til avslaget var korruption innanfor foreininga. I Bergen var medlemmane utelukkande aktørar frå kjende familiar i borgarskapen. Først i 1893, like før Litleré flyttar inn i gjeve nye lokale, får han bli medlem, men diverre får han ikkje særleg med tid til å glede seg over endringa. Smarter i mageregionen viser seg å vere krefte.

Mykje tyder på at Mons arbeidde seg i hel og burde prioritert helsa si. Gatland framkallar ikkje minst eit grelt bilet av korleis kona Bergitta og dei tre borna måtte lide for målsaka. Kummarlege butilhøve ulike stadar i Bergen bidrog ikkje til å lindre sjukdommen hennar, tæring. Det heile botna i dårleg økonomi – det vitnar brev heim til Naustdal om. Bergitta må be svigermor om støtte. Dei får ikkje berre pengar, men alskens matvarer: frå kjøt og smør til frukt og bær. På toppen av dette viser Gatland at Litleré hadde problem med å skilje privatøkonomien frå den profesjonelle. Ein som særleg merker Litlerés økonomiske vanstrar er Arne Garborg.

KATAOLOC: Boklista Literé sende ut til julesalet 1894. Tilhører Bjørg Litleré

DET ENDAR MED at kona og borna dreg heim til Naustdal. Bergitta Litleré blir berre svakare og svakare. Tragedien er total når Mons Litleré får beskjed om at sjukdomen er uhelbredeleg. I løpet av eit halvt år blir dei tre borna deira foreldrelause. Garborg sit på sin kant av landet og sørger over tapet av ein god ven og samarbeidspartner. Gatland kan påvise at Garborg samstundes grublar over dei store summane Litleré skuldar han. Korleis skal han få løyst ut det Litleré skulda?

I OVERFØRD TYDING kan ein seie at Gatland no har sett på kva Garborg – og norsk litteratur – skuldar Litleré. Burde ikkje meir vore skrive om bokprodusenten frå Naustdal?

– Han er nemnd ei rekke stadar, men utan å få sin rettmessige plass. Når det er sagt, finst det heller ikkje så mange bøker om norsk bokhistorie og forlagshistorie. Det er jo helst forfattarane som blir trekte fram, ikkje forlaga. Verksemada til Litleré er òg ein del av norsk språkhistorie. Det kunne ha vore interessant å ha sett på kva påverknad han og forfattarane hans hadde på kva normeringsstandard ein skulle lande på i skriftleg landsmål.

– *Trur du den manglande merksemada har å gjere med ei spanding mellom sentrum og periferi?*

– Eg trur at Litleré kjende verksemada si mindre verd, særleg i starten. Delvis overfor dei andre

forlaga i Bergen, fordi han satsa på landsmålsutgjevingar, men også jamfør hovudstaden Kristiania og aller mest overfor forlaga i København. Det var det stas for norske forfattarar å få ut bøkene sine, men danske forlag ville ikkje gje ut bøker på landsmål.

HEILT AVGJERANDE FOR den nye Litlerébiografien er Gatlands tidlegare arbeidsplass: Spesialsamlinga ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Det var her han oppdaga 350 brev til Litleré. Av desse var heile 70 skrivne av Garborg, og desse framkallar eit nytt bilet av kor viktig Litleré var for Garborg som landsmålsforfattar. Han overtydde Garborg om at det var fullt ut mogleg å vere forfattarstjerne og samstundes skrive landsmål. Blant Gatlands andre oppdaginger er korrespondansen mellom Litleré og Knut Hamsun noko av det mest særmerkte. Her kjem det tydeleg fram at også Hamsun var imponert av den unge forleggen i Bergen, så imponert at han svara Litleré på nynorsk. Då Gatland såg kva Hamsun kalla Litleré for – var han ikkje i tvil om tittelen på biografien: En driftig djævel fra Bergen.

NICHOLAS H. MØLLERHAUG

Artikkelen er tidlegare publisert på Vagant sine nettsider. Vagant er eit tidsskrift for litteratur, kunst, musikk, film, idear og samtidsdebatt.

Som ein ny vri på **den tradisjonelle haustkonferansen** var årets konferanse ei tillitsvaldsamling. Med eit solid og variert program trur eg alle deltakarane kan skrive under på at arbeidet har glidd mykje lettare etter konferansen!



LØFTA BLIKKET: Vellukka samling i Bergen som minna deltakaren på kva arbeidet handlar om og kor viktig det er.

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne

Suveren tillitsvaldsamling i Bergen

EIT VAKKERT, GRÅTT og vått Bergen tok imot deltakarar frå heile kongeriket denne fredagen. Vel tretti menneske – som er vanleg for våre nasjonale tilskipingar – fann vegen til katolske St. Paul skole. Som alltid, var det gamle vener som fann kvarandre i ein klem under lunsjen, før leiar Fredrik Hope offisielt opna konferansen. Som første programpunkt starta ein klokt nok med det heilt grunnleggande – kvifor velje nynorsk. Dette var svært fint for å gi alle eit felles utgangspunkt, ikkje minst for førestegongsdeltakarar som er trygge på at dei er målfolk, men kanskje ikkje har fått sett ord på den nynorske ideologien. Ei viktig innføring og ei viktig påminning for alle som har vore med ei stund.

Sidemålet

Etter å ha fått ei god innføring i det ideologiske fundamentet gjekk ein vidare i programmet med kva NMU meiner i aktuelle saker, korleis ein skal argumentere for det, og korleis ein skal jobbe for å få gjennomslag. På fredagen innebar dette kva vi meiner i norskfaget, og korleis ein kan argumentere for ei av dei mest klassiske målsakene – det gode, gamle sidemålet. Fredagskvelden vart avslutta med noko av det

kjekkaste som finst på tilskiping, nemleg verte-kjende-leikar. Her er det passande med ein shoutout til Erling frå Sumarøy, som i gøye namneleikar førté saman nye og gamle vener. Det skal ikkje mykje til i Målungdomen!

Organisasjonsarbeid

Laurdagen var for det meste sett av til oppplæring i internt arbeid i organisasjonen. Dette er noko som har blitt gjort lite i mange år, men som ein ser har ein stor verdi. Med meir kunnskap i korleis ein kan drive organisasjon, blir arbeidet for alle tillitsvalde på alle nivå mykje lettare. Dimed blir det òg lettare å drive med utetterretta verksemd. Det ein tok føre seg, var korleis lage årsmøte, korleis vere lokallagsleiar, kasserar og styremedlem. Det var òg ei innleiing om demokratiet i NMU, og korleis ein kan påverke for å få NMU til å meine noko. Eit par svært viktige punkt var Trygg målungdom, og korleis ein kan skape eit berekraftig engasjement. Sistnemnde var ved leiar i LNU, Rode Hegstad. Det einaste programpunktet som handla om å påverke eksternt, var aksjonismekurs. Laurdagen vart avslutta med loddtrekning og herleg is frå Isrosa.

Lobbyisme

På sundagen var det fullt trøkk på korleis ein kan påverke politikk. Det var to parallelle punkt om elev- og studentpolitikk. Som siste fellesinndeining var underteikna henta inn for å kurse om lobbyisme – ein viktig del av NMU si verksemd. Etter ei teoretisk innføring i kva lobbyisme er, korleis programprosessar i parti fungerer, og korleis ein kan førebu seg til eit lobbymøte, fekk deltakarane sjølv prøve seg. Etter å ha blitt delt opp i grupper fekk dei førebu konkrete programpunkt som dei skulle selje inn til ei anna gruppe. Dei var då vekslevis målungdomar og ungdomspolitikarar, og fekk dimed ein smakebit på korleis det er å vere begge delar. Den svært innhaldsrike og fine helga vart avslutta med ein sterkt appell frå leiar Fredrik Hope, før det var lunsj, nedpakking og «takk for seg». Som alltid når ein reiser frå ei NMU-tilskiping, er det litt trist, ein gler seg til neste tilskiping (vinterleir!), og ein føler at ein har fått løfta blikket og blitt mint på kva arbeidet vårt handlar om og kor viktig det er. Med kunnskap og verdiar bygger vi morgondagens språksamfunn slik vi ynskjer det!

KRISTOFER OLAI RAVN STAVSENG



FREDRIK HOPE
Leiar i Norsk Målungdom

Fiks nynorsk-opplæringa!

LÆREPLANANE I SKULEN vert skrivne på ny, og me målfolk må gjera vårt: No har me sjansen til å få ein læreplan som sikrar at alle norske elevar lærer nynorsk skikkeleg.

DENNE HAUSTEN SIT ei nemnd i Utaningsdirektoratet og skriv ein ny læreplan i norsk. Dei har sjansen til å retta opp i feila som finst i den gamle læreplanen, og halda på dei gode verkemidla. Tre viktige grep er å halda på karakter i sidemål, framleis like kompetansemål i nynorsk og bokmål og å gjera dei vage formuleringane om tidleg start med sidemål tydelegare. Læreplanen må òg seia noko om at han dekkjer to elevgrupper med ulike fyrstespråk og difor ulike utgangspunkt. Det vil gjera det lettare å vera nynorskelev om det står i læreplanen at dei er i ein annan situasjon enn bokmålselevane.

